

RV-AVISA



Stortingsvalet 1993 vert eit EF-val. EF-val i den meininga at veljarane går frå tidlegare partival og røystar på eit av NEI-partia. Det er positivt; JA-partia treng få ei klar åtvaring frå veljarane. Atvaring om at veljarane ikkje lenger godtek AP/H-alliansen sitt råkøyr for EF-medlemskap og EØS-avtale.

Det ser likevel ikkje ut til å verte fleirtal på Stortinget mot norsk EF-medlemskap. Det gjer at ein kan ikkje basere seg å vinne kampen om den nasjonale sjølvråderetten på Løvebakken. Kampen mot EF må difor vinnast i folket. AP og H har sagt at dei skal respektere resultatet av folkeavrøystinga. Kan me lite på det?

AP OG H FER MED USANNING

RV prøvde i valkampen for 4 år sidan å få til diskusjon om EF. Ap og H nekta. Noregs tilhøve til EF skulle ikkje endrast i valbolken, sa dei.

Likevel; i perioden har dei pressa gjennom EØS-avtalen med hjelp av FrP og overløparane frå KrF. Ein EØS-avtale som er langt meir omfattande enn det EF som det norske folket sa NEI til i 1972!

Kravet om folkerøysting på EØS-avtalen vart avfeia. I Sveits greidde folkeavrøystinga å stoppe avtalen. Slik skulle det vore i Noreg og!

VIL AP ENDRE GRUNNLOVA?

NEI til EF har gjeve ut ei framifrå valavis. Den viser partia sine standpunkt til EF, grunnlovsendringar og EØS.

Fyrst nekta AP å svare. Det vart for avslørande. Då dei endeleg svara var det dels med fellessvar. Og: Dei ville ikkje røyste for grunnlovendringar som gjer det lettare å få Noreg inn i EF.

No har dei sloppe ein av kattanen ut av sekken. Etter siste sentralstyremøte i AP vedgår dei at det kan verte aktuelt å endre grunnlova! Eit slikt parti kan ikkje litast på!

KVA SKJER ETTER NEI VED FOLKERØYSTINGA?

Vil Ap trekkje søknaden? Kanskje. Ikkje for å forsvare norsk sjølvråderett. Men for å redde andlet. For å sikre seg alibi til å skape Noreg om til eit EF-likk samfunn. Det vil skje gjennom EØS-avtalen (det økonomiske medlemskapet). Og det vil skje gjennom at storkapitalen får frie hender og betre vilkår til å sikre sine mål gjennom avgjerdsprosessen.



Hydro vil EF - Europeisk Fremskrittspartisamfunn

Hydro vil ha Noreg inn i EF. For å kome inn på den europeiske marknaden, seier dei. Som om Hydro ikkje allereie er der! Hydro er der både med egne fabrikkar og med primålumium, halvfabrikata og ferdigvarer produsert i Noreg. Nei, EF-iveren har andre årsaker.

Også AP vil ha Noreg inn i EF. For å trygge arbeidsplassane, heiter det. For å kunne styre den internasjonale kapitalen treng dei eit overnasjonalt organ, EF, seier AP. Det seier eit parti som stort sett let seg styre av kapitalen; ikkje minst Hydro.

EØS OG EF ER IKKJE NAUDSYNT

Hydro og Fundo har tollfritt tilgjenge til EF-området gjennom frihandelsavtalen. Hydro treng korkje EF eller EØS, men vil ha det, fordi:

LETTARE KAPITALEKSPORT

EF-tilpasninga og EF betyr at Noreg gjev avkall på styringa av kapitalen. Hydro trugar med å flytte ut av Noreg om dei ikkje får EF. Sanninga er at EØS/EF lettar kapital-eksporten. Den danske arbeidsministeren har sagt at "Problemet for Danmark er at mange av de store industri-lokomotivene flytter til utlandet" (DN, 10.1.92). Likar ikkje Hydro å verte kalla eit lokomotiv?

NORSK VASSKRAFT TIL EKSPORT

Noreg har eksportavgrensingar på elektrisk kraft. For å sikre innanlandsk forsyning. Sikre billeg energi som industripolitisk verkemiddel.

EØS-avtalen forbyr slik avgrensing. Det er eit trugsmål mot krafta som naturgjeven fordel for Noreg, for arbeidsplassar i distrikts-Noreg, som t.d. Høyanger.

AUKA KRAFTPRISAR

Krafteksporten vil også føre til auka kraftprisar. Også det eit trugsmål mot kraftkrevjande industri. Norsk prisfastsetjing er etter EF sitt regelverk ulovleg statsstøtte.

KAN DEN EUROPEISKE STORKAPITALEN STYRAST GJENNOM EF?

"Fagbevelsen har meget liten innflytelse. På den annen side har storindustrien, de multinasjonale selskapene, en enorm makt i Europa. [---] Kontroll er knapt mulig lenger. [---] De bestemmer hvor industrien skal nedlegges, og hvor den skal opprettes. Ingen kan i dag influere på dette" (sosialdemokraten Sicco Mansholt, visepresident i EF-kommisjonen).

"EF ble dannet som et økonomisk og sosialt felleskap. I praksis er det en halv-statlig institusjon for europeiske arbeidsgivere og deres politiske representanter for å verne sine interesser - mot lønsmottakernes interesser" (vedtak på EFs ungdomskongress).

AP si "styring av kapitalen" er ikkje troverdig. Det er lureri.



NEI-partia SV og SP held ikkje mål

SV og SP let seg lett lure då Gro Harlem Brundtland starta EØS-prosessen. Det seier litt om veikskapen i desse partia. Både siklar etter regjeringsmakt. Dei har ikkje sett oppseiing av EØS-avtalen som vilkår for regjeringsamarbeid. Det seier endå meir om veikskapen; dei gjer seg dermed medansvarlege for utviklinga av det EF-like samfunnet.

SP sine folk har stor makt i landbruksamvirket sine verksemdar. Der har dei effektivisert, rasjonalisert og sentralisert nesten som ein kva som helst "EF-kapitalist" ville gjort det. SP sin samfunnsmodell skil seg ikkje vesentleg frå dei andre borgarlege sin. SP er for NATO-alliansen, USA sin militære reiskap for å sikre kontroll over råstoff og marknader i verda.

SV er og vert, når det kjem til alvor, eit haleheng til AP sin politikk. I Oslo byråd innførte dei i felleskap EF-reglar før EØS-avtalen var vedteken i Stortinget. RV røysta mot. SV-leiar Solheim har sagt at AP-SV-samarbeidet i Oslo er ein modell for eit framtidig regjeringsamarbeid. Det lovar ikkje godt.

SV aksepterer rammestyringa av kommunane sin økonomi. Trass i at dei med sin posisjon kunne ha pressa rammene. RV si opposisjonelle haldning får ikkje støtte av SV. Sjå berre i Høyanger kommunestyre! Kva skil SV frå AP i formannskapet? Mykje prat og lite anna!

SV har på Stortinget ikkje vore noko drivkraft for dei einsidige industristadane. Det er uvisst kva standpunkt dei hadde til den nye energilova. Det er sikkert og visst at dei gjekk inn for Ot.prp. 70 som gjorde at industrisamfunn som Bremanger, Høyanger, Odda, Sauda og Ålvik vart svekka i høve til Hydro sine større produksjonsstader.

SV seier dei er for oppseiing av EØS-avtalen, men prioriterer ikkje denne kampen. SV-arar sentralt i NEI til EF har sabotert kampen mot EØS. Det er partitaktiske omsyn til AP-veljarar som ligg til grunn for denne veikskapen. RV meiner at det hjelper ikkje å halde Noreg utanfor EF dersom EØS-avtalen står ved lag. RV meiner at EØS er eit økonomisk EF-medlemskap.

SV har som linje at EF-kampen skal vinnast på Stortinget og prate AP "til rette". Dette vil mislukkast. SV prøver å forme NEI til EF til det føremålet. RV si linje er at EF-kampen skal vinnast i folket. Gjennom å reise fagforeiningar og andre organisasjonar, og heile bygdelag og kommunar, til kamp i alt frå underskriftsaksjonar til streikar og protestreiser til Løvebakken. RV si linje er å skape ein politisk situasjon der det vert taktisk umogleg å selje norsk sjølvrådetrett til Brussel.

SV har stilt seg garantist for seriøs kapitalisme. Dette viser at SV har forlete sosialismen som mål. At SV baserer seg på å vere eit hakk flinkare enn AP til å fordele godene. Det er ikkje lenger snakk om at kapitalmakta må erstattast av arbeidarmakt.





Noreg treng sosialisme - røyst RV!

Raud Valallianse sitt langsiktige mål er sosialismen. I eit sosialistisk Noreg er det ikkje maksimal profitt og økonomisk vekst som styrer produksjon og samfunn, men folk sine behov og naturen sine tålegrenser. I eit sosialistisk Noreg er det ikkje kapitalkreftene og borgarskapet i det offentlege som har makta, men det arbeidande folket gjennom eit nytt styresett. Sosialismen vert ikkje innført gjennom stortingsval, men når folk sjølv tek saka i eigne hender og skapar eit nytt samfunn ved å omstøyte det gamle. Berre RV vil gje den daglege kampen ei slik retning.

RV - utan mandatsjansar i fylket

Mange av dykk røystar RV ved kommunestyreval i Høyanger. De gjer det sjølv om de ikkje alle er overtydde om sosialismen. De gjer det fordi de vil ha inn representantar som skil seg frå alle andre. Representantar som er kritiske og opprørske. Representantar som ikkje driv partitaktikkeri, men som fremjar folkemeininga. Ei folkemeining som går på tvers av dei økonomiske rammene, den politiske mølla og det trangsynte byråkratiet.

Mange av dykk ville også hatt slike representantar på Stortinget. Representantar til å ruske opp. Til å reise miljøkrav og folkekrav.

RV er langt frå sterke nok til å ha mandatsjansar her i fylket. Einaste vona ligg i å få valt inn Erling Folkvord i Oslo. Han står som symbolet på RV-politikarar.

De vurderer kanskje å røyste taktisk. Røyste inn Kirkebø frå SV istadenfor Nistad frå AP eller Hjertenes frå Høgre. SV har større mandatsjanse enn RV. Men er det mandatsjansar som skal avgjere eit val? Er det ikkje politikken og det kandidatane står for? Me har i dette flygebladet lagt vekt på å forklare kvifor SV ikkje held mål. Kva om det var SV som var utan mandatsjansar; skulle ein då røyste SP? Kva om SP var utan mandatsjansar; skulle ein då røyste AP?

Ville samfunnet vore så mykje annaleis om SV fekk ein ekstra representant på Stortinget? Vil det vorte sagt så mykje nytt frå Stortinget sin talarstol?

Nei, kast ikkje vekk røysta di på taktikkeri. Gje røysta di til den politiske grunnhaldninga du meiner fortener den best! Røyst RV!

HØYANGER RAUD VALALLIANSE

Stortingsval 1993

